



Miljøvernnavdelinga ved Fylkesmannen

Trondheim, 10.06.2015

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2015/4658

Sakshandsamar:
Erlend Kjeldsberg Hovland

Instruks om bruk av midlar til rekartlegging og kvalitetsheving av naturtypelokalitetar i skog samt innsending av naturtypedata

Brevet gjeld bruk av midlane til kvalitetsheving av naturtypedata og framhald av innsending av naturtypedata til databasen. Vi gjer merksam på at kartlegging etter DN handbok 13 framleis vil bli utført. Dette gjeld utvalde naturtypar (UN), rekartlegging av eksisterande lokalitetar i samband med kvalitetshevinga og uavhengige konsekvensutgreiingar. Data etablert etter handbok 13 skal inntil vidare handsamast og importerast i samsvar med instruksen for kvalitetssikring.

Vi viser til vårt andre supplerande tildelingsbrev av 4.6.2015 frå Miljødirektoratet, og midlane tildelt kvalitetsheving. Mange lokalitetar i datasettet over viktige naturtypar treng sterkt ein kvalitetsheving, og vi har tatt til med dette prosjektet i samarbeid med fylkesmennene. I denne samanheng har det vore heldt ein verkstad med representantar frå FM i Nordland, Nord-Trøndelag og Hordaland. Her vart det lagt ein del føringar i arbeidet vidare, mellom anna på prioriteringar og arbeidsdeling mellom direktorat og fylkesmenn. Eit samandrag frå denne samlinga er vedlagd. Midlane som er tildelt kvalitetsheving er meint hovudsakleg for rekartlegging, men ein del av midlane kan også nyttast til å skaffe til vege naudsynt kapasitet til skrivebordsarbeidet. Det viktigaste er å få opp kvaliteten på flest mogleg lokalitetar slik at desse vert anvendelege i forvaltingssaker.

Prosjektet tek sikte på å starte med dei skogslokalitetane med manglande kritisk informasjon som kjelder og stadtqvilitet, eller er registrert før år 2000. Vidare vert storleik over 100 dekar og A-verdiar vekta opp. Dette brevet vert også send som e-brev vedlagd eit rekneark med ei liste over slike lokalitetar i dykkar fylke, der vektinga av manglane er gjeve frå 0-9 i kollonna «Mangler». Til saman for heile landet er lista etter nemnde kriterium på nesten 9000 lokalitetar i skog (ca. halvparten av alle skogslokalitetane). Vektinga er viktig for å kunne prioritere lokalitetar til rekartlegging med midlane som følgde med supplerande tildelingsbrev.

Vi ber om at De utformer oppdrag om rekartlegging og får satt ut desse for inneverande feltsesong. Det er forståing for at det er relativt lite tid til å få gjennomført dette, og at det kan vere avgrensa kapasitet på konsulentar i år. Det er like fullt ein sterk forventing om resultat frå Stortinget i og med ekstraløyvinga som vart gjeven til kartlegging av natur, så vi må gjere det beste vi kan med den tida vi har. I dei fleste tilfelle må alt ved lokalitetan vurderast på ny - frå avgrensning til verdi og naturtype. I nokre tilfelle er det tenkeleg at det held med å til dømes berre fastsetje stadtqvilitet for lokalitetan. I lokalitetar over 100 dekar bør ein unngå mosaikk dersom grensene heller kan gåast opp betre. Rekartlegginga skal gjerast etter DN handbok 13, og nyaste instruks og mal for eigenskapsdata skal nyttast. NB: For lokalitetar i skog skal det ikkje

nyttast reviderte faktaark.

Kvar fylkesmannsembete kan nytte skjønn i prioriteringa av lokalitetar for rekartlegging. Ulike regionar har ulike utfordringar og viktige faktorar for prioriteringa er kva lokalitetar som er under press, konfliktnivå og ikkje minst ein vurdering av kva som er mest kostnadseffektivt. Likevel er det viktig å halde fokuset på skogslokalitetar i denne omgangen, då desse ofte er gjenstand for kritikk, og for å samordne aktiviteten mellom fylka.

Ved sidan av det som må rekartleggast er det viktig at De går gjennom lokalitetane på lista, ser på dei kritiske manglane og kvalitetssikrar informasjonen om kvar lokalitet i den grad det er mogleg. Dersom kjelder og ein verdi for stadkvalitet kan skaffast til vege vert det mindre viktig å rekartlegge lokaliteten i første omgang. Dersom informasjonen om ein lokalitet tilsynelatande er god nok eller kan fyllast ut slik at den vert tilrådeleg for bruk i forvaltinga så må desse markerast tydeleg i lista som etter kvart skal returnerast til oss. Redigering kan gjerast direkte i redigeringsportalen og ein kommentar leggast inn på lokaliteten i lista. Dersom det er omfattande informasjon som skal fyllast inn på mange lokalitetar så kan dette i prinsippet gjerast direkte i eit rekneark og oversendast oss. Ta kontakt i forkant om dette vert aktuelt.

Minstekrava til ein lokalitet er:

- a) Det må vere referanse til minst ei kjelde som kan etterprøvast. Referansar til Naturbase, «Fylkesmannens register over naturtypar» og liknande sirkelreferansar er ikkje godtekne.
- b) Verdi for stadkvalitet må vere fylt ut.
- c) Informasjonen og i sær verdigrunngjevinga må gje ei tilfredsstillande forståing av naturverdien i lokaliteten.

I tillegg er det sjølvsagt viktig at naturtypekoden og verdisettinga er korrekt, men dette vil ofte vere arbeidskrevjande å vurdere og er ikkje hovudfokuset i første runde.

På Miljødirektoratet har vi mellom anna delt opp, og lagt under riktige overskrifter, områdebeskrivelser for omkring 12,000 lokalitetar av alle typar med html-taggar (/) der desse tidlegare hadde all teksten samla i innleininga. Dette arbeidet skal helde fram på tekst utan taggar også, og vil bli implementert i datasettet så snart det er klart.

For litt meir utfyllande informasjon om ståa og planane for kvalitetshevinga viser vi til vedlagd samandrag frå verkstaden heldt her den 18. mai 2015. Dessutan ber vi om å få kontaktinformasjon frå ein person frå kvar embete som vil stå som ansvarleg for naturtypedata slik at vi kan lette informasjonsflyten. Vi vil elles oppmøde om å ta kontakt om noko er usikkert.

Framhald av naturtypedata etter DN handbok 13

Rekartlegging av eksisterande lokalitetar som ein del av kvalitetshevinga, kartlegging av utvalde naturtypar samt uavhengige konsekvensutgreiingar vil framleis utførast etter DN handbok 13. Data etablert etter handbok 13 skal inntil vidare handsamast og importerast i samsvar med instruksjonen for kvalitetssikring.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Anne Sundbye
seksjonsleder

Erlend Kjeldsberg Hovland
rådgjevar